



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 31.05.2017

**Sak nr.:** 16/9296-13  
**Internt I.nr.** 22062/17

**Sak:** 48/17

**Tittel:** Ekspressbåtane Sogn - Bergen

**Behandling:**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Hovudutval for samferdsle er positiv til intensjonane med ei betre samankoppling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. HS ber leiar av utvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, Visit Sognefjord og Norled om mogelege løysingar for ei slik samankoppling. Utvalet ynskjer i dette arbeidet og ei klargjering av kostnad og tal reisande på alle ruter, tur og retur. Det bør og undersøkast høvet til å innføre turistprising.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2:

Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankoppling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av hovudutvalet for samferdsle og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, Visit Sognefjord og Norled om mogelege løysingar for ei slik samankoppling.

**Avrøyting:**

Punkt 1 i tilrådinga frå hovudutval for samferdsle og endra punkt 2 frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankoppling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av hovudutvalet for samferdsle og

administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, Visit Sognefjord og Norled om mogelege løysingar for ei slik samankopling.